

## **Sakliste og sakspapir til årsmøte i Lom SV på Lom Folkebibliotek onsdag 15.01 kl. 1800**

1. Konstituering
2. Lokallaget si melding for 2024
3. Rekneskap for 2024
4. Arbeidsplan og budsjett for 2025
5. Uttale
6. Val

### **Lokallaget si melding for 2024**

Lom SV hadde stiftingsmøte 23. november. Interimstyret har hatt møte 19.12. der ein vedtok at medlemmer frå Skjåk kunne bli medlemmer i Lom SV, arbeid kring registrering i Brønnøysundregisteret og planlegging av årsmøte.

### **Forslag til arbeidsplan og budsjett for 2025**

#### Arbeidsplan

Lom SV er allereie eit mellomstort lokallag i Innlands-målestokk, på tross av at det blei stifta i november 2024. Vi har ei medlemsmasse med stort aldersspenn, bestående av engasjerte menneske med ulik grad av erfaring når det gjeld politikk. 2025 er eit valår, og dette vil vere førande for arbeidsplanen og gjennomføringa av denne. Vi bør også prioritere å bygge lokallaget både i Lom kommune, men også i Skjåk. Med dei har vi til saman nærmare 30 medlem.

Noko av det viktigaste vi kan gjera opp mot valkampen er å verve folk til lokallaget tidleg, og invitere inn til skoleringar i vår politikk. Kva meiner SV og kvifor? Kva er vanskelege diskusjonar å ha i valkampen? Her kan ein til dømes invitere inn eksterne, anten frå fylkeslaget eller nasjonalt, til å halde innledningar. Dette bør vere opne møte, så også nysgjerrige kan koma og potensielt bli verva.

**Det skal gjennomførast minst eitt slik arrangement i fyrste tertial av året.**

Vidare har vi ein valkamp å vinne! Lom SV har medlemmar nok til å kunne stille på stand relativt ofte, samt at vi sannsynlegvis får to lokale kandidatar på stortingslista i Oppland som vi må fronte. Kvar av desse skal vera med på minst eitt stand, og Lom SV skal etterstrebe å avtale stand-dagar og -tidspunkt likt med andre parti som står sterkt lokalt. Vi prøver å ha

minst fire personar på stand kvar gong. Vi bestiller stand-opplæring til dette. Vi skal også, dersom vi har kapasitet, ha eit stand i Skjåk.

Under valkampen dukkar det gjerne opp store sakar. Lom SV skal vera ei tydeleg stemme lokalt gjennom valkampen. Vi er eit verdiparti, og skal formidle desse verdiane ut på ein tydeleg og forståeleg måte. «Ein kan gjerne vera usamd i det SV står for, men det skal aldri vera tvil om kvifor SV meiner det SV meiner». Lom SV må som andre lokallag halde seg til dei nasjonalt vedtekne prioriteringane og standpunkta, men står frie til og bør, velje lokale prioriteringar for sakar som er særskild relevante lokalt.

Dersom det blir arrangert debattar lokalt, prioriterer vi lokallagsleiar eller ein av dei to potensielle stortingskandidatane til å ta denne.

Lom SV skal, dersom vi har kapasitet til det, arrangere ei valvake.

Etter valet får vi sannsynlegvis nokre nye medlem, og vi tek difor til sikte på å arrangere ein lågterskel medlemskveld for å aktivisere nye medlem, og for at medlemma skal bli betre kjend. Denne kvelden skal også vere open for SV-medlem frå Skjåk.

Vi vil også legge opp til markering av 8. mars og 1. mai.

## Budsjett

Vi får 10000,- frå sentralt hald når vi er registrert i Brønnøysundregisteret. Vi vil søke om ekstra middel til valkamp, men interimstyret har forslag om å sette av halvparten (5000,-) til stortingsvalkamp i 2025. Dette kan bli redusert når ein ser kor mykje støtte ein kan få frå SV. Vi vil også søke om støtte til andre typer arrangement.

## Forslag til uttale

### Ei realpolitisk tilnærming til privatskule

Lom SV er sterkt mot vedtaket om nedleggjing av Lom vidaregåande skule. Da det offentlege vidaregåande tilbodet Lom SV sterkt ynskjer i Lom, ikkje er eit alternativ lenger, må ein finne nye løysingar. I ljøs av dei kommande skulenedleggjingane er det framlagt planar om privat vidaregåande skule i Lom. Da må prinsippa og prioriteringane til Lom SV koma tydeleg fram, med atterhald om at vi på sikt ynskjer å gjenopprette eit offentleg vidaregåande tilbod i Lom.

SV er i utgangspunktet mot privatskular, og særleg fullprivate skular som ikkje er eit supplement til det offentlege tilbodet. SV ser desse som forsterkarar av sosiale skilnadar. For Lom SV er planane om privatskule i Lom uproblematisk. Eit privat tilbod som gjev fleire moglegheit til å gjennomføre vidaregåande utdanning, særleg elevar med funksjonsnedsettingar og elevar med andre utfordringar, ser vi berre som positivt. Offentlege tilbod skal vere robuste og gode, men dei må også vere fysisk tilgjengelege for alle. Slik blir ikkje det offentlege tilbodet i Innlandet framover.

Ein privat nærskule som er gratis å gå på der elevar med ulik bakgrunn møtes på lik line, bryt ikkje med våre prinsipp. Det viktigaste for Lom SV er at alle har lik moglegheit til å lukkast og leva gode liv. Vi ser på både den midlertidige løysinga og den langsiktige løysinga for privatskule i Lom som sosialt utjevande. Det er dei svakaste elevane som har alt å vinne på dette tilbodet. For oss er prinsippet om like moglegheiter viktigare enn prinsippet om å vera mot private tilbod, da arten av desse er ein viktig nyanse for oss.

Planane for privat vidaregåande skule i Lom er både sosialt utjamnande, positive for elevar med funksjonsnedsettingar, og ikkje minst er det god distriktpolitikk. Lom SV stiller seg bak initiativet, og vil gjennom våre kanalar støtte opp om det. Ja til gratis privat vidaregåande skule i Lom!